



Adu-Ingeniør Atle D Utkilen  
Postboks 75 Fønnes Senter  
5952 FONNES

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1839 - 17/21359

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

18.07.2017

## Førebelsvar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 24/109 Fammestad

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 18.07.17. Saka gjeld søknad om ferdigattest for støttemurar på eigedom gbnr. 24/109 godkjent i vedtak datert 27.07.16.

Det aktuelle tiltaket er omsøkt og godkjent som tiltak med krav til bruk av ansvarleg føretak.

Ansvarleg søkjar for tiltaket er ADU Ingeniør Atle D Utkilen.

Søknad om ferdigattest er innsendt av Tømrerfirma Jon Arne Ulvøen, org.nr 970468307.

Vi kan ikkje sjå å ha motteke søknad om endring av ansvarlege føretak i saka. Dersom det er føreteke endringar med omsyn til ansvar i tiltaket, skal det leverast inn oppdatert gjennomføringsplan og erklæring om ansvarsrett, opphøyr av ansvar mv.

Det er ved søknad om ferdigattest ikkje levert ved oppdatert gjennomføringsplan som syner at ansvarsområda er avslutta.

Vi kan ikkje sjå at vilkår gjeve i vedtak datert 27.07.16 er oppfylt.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dokumentasjon på at vilkår gjeve i løyve datert 27.07.16 er oppfylt.
2. Endringsmelding med omsyn til ansvar i tiltaket.
3. Oppdatert gjennomføringsplan mv. sluttdokumentasjon ved søknad om ferdigattest.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 14.08.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll.

Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Vi gjer merksam på at manglande dokumentasjon på at vilkår gjeve i vedtak ikkje er oppfylt er direkte avvisningsgrunnlag på søknad om ferdigattest.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

ADU Ingeniør Atle D Utkilen	Postboks 75	5953	FONNES
Ståle Sætre og Ann Kristine Hammerstad	Furulia 5	5913	EIKANGERVÅG
Tømrerfirma Jon Arne Ulvøen	Hopland	5943	AUSTRHEIM

### **Mottakarar:**

Adu-Ingeniør Atle D Utkilen	Postboks 75 Fønnes Senter	5952	FONNES
-----------------------------	---------------------------	------	--------